


Har berga unik kulturhistorie

Kulturhistoria stod i fare for å gå tapt, men no har jostedølene med eit stort felles løft sikra tusenvis av stadnamn frå bygda. Jostedal Historielag i samarbeid med Fylkesarkivet har registrert og digitalisert om lag tre tusen stadnamn innanfor dei gamle kommunegrensene. – Då eg starta opp i januar i fjor var målet å bli ferdig til påske, men det skulle visa seg å vera uoverkomeleg, seier Ann Kristin Sperle, som har hatt arbeidet med å setja alt i system. Medan jostedølene no ser slutten på eit omfattande dugnadsprosjekt, er det framleis langt opp og fram for sogelaga i Luster og Hafslo. – Arbeidet dei har lagt ned eit føredøme for andre, seier Ivar Kvalen i Hafslo Sogelag.





NAMNEDALFØRET: Jostedal Historielag har i samarbeid med Fylkesarkivet registrert og digitalisert om lag tre tusen stadnamn innanfor dei gamle kommunegrensene.

Dalføre med tusenvis

JOSTEDALEN: Jostedølene veit å setja pris på historia si. No har dei sikra tusenvis av stadnamn for komande generasjonar.

– Dette er kulturhistorie som stod i fare for å gå tapt.

Det seier Kristen Ormberg, ein av fleire eldsjeler bak det store stadnamnprosjektet i Jostedalen som vil resultera i om lag tre tusen namn innanfor dei gam-

le kommunegrensene. I tillegg skal dei kartleggja og samla inn stadnamn frå fjella kring dalføret.

Gamle grenser

Målet er at det skal registrerast stadnamn for heile dagens Luster kommune på lik line med det som no er gjort for Jostedalen. I stadnamnprosjektet er det dei gamle kommunegrensene som gjeld, difor er ikkje Vigdalen og Lierdalen med i stadnamnsamlinga for Jostedalen.

– Me har halde oss innanfor den gamle kommunegrensa, frå Haukåsgjølet og oppover. Og så har me gått opp til 800 meter over havet, fortel Ann Kristin Sperle. Det er ho som har hatt arbeidet med å systematisera gamle stadnamnsamlingar, finna kartreferansar og setja alt i system. Det har vorte mykje kontrollarbeid og mange samtalar med eldre personar som framleis veit, og som også kan fortelja om opphavet til det einskilde stadnamnet.

Detektiven Ann Kristin

– Då eg starta opp i januar i fjor var målet å vera ferdig til påske, men det

skulle visa seg å vera uoverkomeleg. No ser eg lyset, og reknar med å vera ferdig i god tid til komande påske, seier Ann Kristin Sperle.

Alt materialet ho no har sett i system, som også inneheld forklaringar på kvart einskild stadnamn, vert sendt over til Fylkesarkivet som skal presentera det på sine nettsider. Mellom anna vil ein kunna finna att kvart einaste av dei om lag tre tusen stadnamna på digitaliserte kart.

Fire innsamlingar


Det har vorte gjort fire innsamlingar av stadnamn i Jostedalen som ein i dag veit om. Den eldste er frå 1932 og vart gjennomført av 4. klassingane i dalføret. I 1959 gjennomførte Øystein Frøysadal ei omfattande stadnamnsamling for heile Jostedalen, der om lag 3.500 namn vart samla inn.

– Det store problemet med desse gamle samlingane er at kartgrunnlaget var for dårleg den gongen. Difor har me berre greidd å registrera halyparten av dei namna som vart samla inn i 1932, seier Ann Kristin Sperle.

– I dette arbeidet er ein alltid for seint



SAMARBEID: Sentrale personar bak stadnamnprosjektet i Luster. Frå venstre: Peder Kjærvik (Breheimsenteret), Åne Elgersma (Jostedal Bygdelag), Per Arvid Hauge (Luster Sogelag), Ivar Kvalen (Hafslo Sogelag), Aud Fossøy (Jostedal Historielag), Ann Kristin Sperle og Kristen Ormberg (Jostedal Historielag).



namn innanfor dei gamle kommunegrensene.

usenvis av namn

t tillegg skal dei stadnamn frå

skulle visa seg å vera uoverkomeleg. No ser eg lyset, og reknar med å vera ferdig i god tid til komande påske, seier Ann Kristin Sperle.

gistrerast stadnamn i Luster kommune no er gjort for prosjektet er det sene som gjeld, og Lierdalen og Jostedal

Alt materialet ho no har sett i system, som også inneheld forklaringar på kvart einiskild stadnamn, vert sendt over til Fylkesarkivet som skal presentera det på sine nettsider. Mellom anna vil ein kunna finna att kvart einaste av dei om lag tre tusen stadnamna på digitaliserte kart.

Fire innsamlingar

anfor den gamle laukåsgjølet og gått opp til 800 el Ann Kristin r hatt arbeidet gamle stadnamn-ransar og setja te mykje konsamtalar med eis veit, og som ophavet til det

Det har vorte gjort fire innsamlingar av stadnamn i Jostedal som ein i dag veit om. Den eldste er frå 1932 og vart gjennomført av 4. klassingane i dalføret. I 1959 gjennomførte Øystein Frøysadal ei omfattande stadnamnsamling for heile Jostedal, der om lag 3.500 namn vart samla inn.

- Det store problemet med desse gamle samlingane er at kartgrunnlaget var for dårleg den gongen. Difor har me berre greidd å registrera halvparten av dei namna som vart samla inn i 1932, seier Ann Kristin Sperle.

- I dette arbeidet er ein alltid for seint

ute, men me har likevel greidd å sikra mange namn for framtida, seier Kristen Ormberg.

Utfordrar reiselivet

Ormberg meiner berre fantasien set grenser for kva ein kan nytta stadnamnmaterialet til i framtida, saman med moderne teknologi.

- Tenk deg berre ein tur med GPS der ein kan få opp alle stadnamna og all informasjonen knytta til desse på skjermen når ein er ute og går, seier han.

Ormberg utfordrar reiselivsnæringa til å gjera seg nytte av arbeidet Jostedal Historielag har lagt ned.

- Turistane vert meir og meir opptekne av å læra. Eg er ikkje i tvil om at stadnamna og historiene som er knytta til namna vil gjera tur- og naturopplevingane meir interessante, seier Peder Kjærvik, sjef for Breheimsen-

teret.

Medan jostedalene ser slutten på eit omfattande dugnadsprosjekt, er det framleis langt fram og opp for sogelaga i Luster og Hafslo. Men ambisjonane er dei same.

Kjem etter

- Arbeidet og innsatsen Jostedal Historielag har lagt ned er eit føredøme for oss andre, seier Ivar Kvalen i Hafslo Sogelag.

- Me har mykje arbeid føre oss, seier Per Arvid Hauge i Luster Sogelag.

- Det ligg ofte ei interessant historie bak eit stadnamn. Difor er stadnamna ein kulturarv me pliktar å ta vare på for framtida, seier Kristen Ormberg.

TorYttri
tor.yttri@sognavis.no

stin

uar i fjor var påske, men det